



Fagleg nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna føretaksområde

Nyheitsbrev 20.12.2021

Kjære ressursperson og leiar!



Det er alltid godt å bli møtt med ordet takk. Ved fleire høve kan ein høyra leiarar som rosar sjukepleiarane sine for den innsatsen ressursjukepleiarane gjer på arbeidsplassen.

Me som driftar nettverket i kreftomsorg og lindrande behandling, ynskjer å takka deg for den innsats du gjer for kreftpasientane, dei som treng palliasjon og deira pårørande. Desse gruppene treng helsepersonell med rett kompetanse og ikkje minst stort fagleg engasjement. I ditt møte med pasienten og pårørande, er du ein nøkkelperson i nettverket som gjer ein viktig jobb.

Nyheitsbrev vert sendt ut to gonger årleg, denne gong for å gi ei oppsummering av aktivitetane i nettverket denne hausten, informera om planane for våren og bidra med aktuell informasjon frå fagfeltet.

Kva har skjedd sidan sist?

Lokale nettverksmøte

Dette året har det vore arrangert digitale nettverksmøte både vår og haust. Me fekk likevel arrangert tre nettverksmøte med fysisk oppmøte i oktober/november.

Det har blitt undervist i to tema dette året, fordelt på vår og haust:

«Sorg» ved Lars Helge Myrseth, sjukeheimsprest i Stavanger / KLB

«Forhåndssamtaler» ved Maria Revheim, kreftkoordinator i Tysvær kommune

Kompetansemiddel til nettverket

Driftsgruppa for nettverket fekk i 2019 tildelt kompetansemiddel. Fortsatt er det middel å søkja på for å delta på kurs, konferansar og liknande. Kriterier er utarbeidd for kva ein kan søkja om, og nytt søknadsskjema vil bli sendt alle på nyåret.

Verdsdagen i lindrande behandling vart markert 4. oktober på Temakafe på Bokkotunet i Odda.

Tema for dagen: «Vi skal alle dø en dag, men alle andre dager skal vi leve». Sokneprest Leni Mæland delte av sine erfaringar som sjukehusprest. Kva er åndeleg og eksistensiell omsorg, og korleis kan denne omsorga bli ivaretatt for enkeltmenneske og familiar som ikkje er innlagt på sjukehus eller institusjon? Representantar frå ressursjukepleiarnettverket i kreftomsorg og lindrande behandling deltok og fortalde litt om kva tilbod ein har lokalt og på/ved sjukehusa i regionen vår.

Kurs og konferansar

- Grunnkurs i palliasjon: 4.-5. april på HUS
- [17. landskonferanse i palliasjon](#) 14.-16. september 2022, Molde



Aktuell informasjon frå fagfeltet

Prosjektmiddel Helsedirektoratet deler kvart år ut middel til kompetansehevande tiltak for lindrande behandling og omsorg ved livets slutt i kommunane, med søknadsfrist 1. mars kvart år. Informasjon om pågåande prosjekt i vår region finn de på KLB si [nettside](#)

Verdsdagen for lindrande behandling vert markert kvart år i oktober. For meir info sjekk ut: <https://www.thewhpca.org/>

Norsk artikkel i BMC Palliative Care om ressursjukepleiar si rolle og funksjon: Palliative care in the community – the role of the resource nurse, a qualitative study: <https://bmcpalliativecare.biomedcentral.com/articles/10.1186/s12904-021-00860-w>

<https://open.spotify.com/show/0vcK3nbSS5BEIdPA2VYihf>.

USHT inviterte til fagdag i Haugesund 10. november med tema «Åpenhet om døden: etikk og kommunikasjon i liv og død». Fleire frå nettverket vårt deltok der. Dagen var del av KS si satsing på etisk kompetanseheving. Det er fortsatt mogeleg å ta dette e-læringskurset digitalt og/eller lytta til lærerike podkaster om temaet, og deler difor dette med dykk her:

[E-læringskurs-Hvordan snakker man om døden](#)

[Verdibørsen-Åpenhet og døden](#)

[Barn som pårørende - YouTube](#)

[Når livsdøren lukkes](#)

[Godhet og håp i sykepleien](#)

Nyheiter frå driftsgruppa til nettverket for fysioterapeutar og ergoterapeutar

Me har i 2021 fått inn fleire nye ressurspersonar i driftsgruppa for fysioterapeutar og ergoterapeutar. Det er: Åshild Olaug Sukka Mehus, fysioterapeut frå Suldal kommune, Karis Ann Markhus, fysioterapeut frå Karmøy kommune og Anne-Cecilie Bergesen, fysioterapeut frå Stord Sjukehus.

Det var planlagt ein digital fagdag i november med tema: «Samtykkekompetanse og kognitive utfordringar hos den palliative pasient» med undervisning frå overlege i palliativ medisin Marianne Klee og jurist Lucie Christensen Berge. Det var dessverre ikkje nok påmeldte til å gjennomføra fagdagen.

Driftsgruppa arbeider difor vidare med planlegging av ein ny fagdag i 2022 der me håper på god påmelding. Me i driftsgruppa tar veldig gjerne imot innspel frå de som er ressurspersonar: Har de ynskjer eller innspel til tema de ynskjer å retta fokus på, ta gjerne kontakt.

Nytt frå Kreftforeningen

Fokus på «Hverdagshjelpen»:

«Hverdagshjelpen Haugesund» har mange flotte frivillige som står klar til å hjelpa menneske som har eller har hatt kreft, pårørende og etterlatne, med små og store kvardagsoppgåver i Haugesund, Karmøy og Tysvær! Dei kan tilby 2 t med praktisk hjelp i og rundt heimen i opptil 6 månader. Tilbodet er gratis og app-basert. Kreftforeningen tilbyr hjelp med appen dersom ein ikkje er komfortabel med å bruka appar.

Følgetenesta:

Følgetenesta Haugalandet tilbyr hjelp til køyring til og frå kreftrelaterte aktivitetar, f.eks. på sjukehuset, hos fastlege, fysioterapeut o.l. Tilbodet finn ein i Haugesund, Karmøy og Tysvær. Våre frivillige kan også hjelpa til med å følge inn, men kan ikkje vera med på sjølve konsultasjonen. Dei frivillige hjå Kreftforeningen er godt opplært i smittevern og reingjering av bil mellom turane. Tilbodet er gratis og app-basert, men Kreftforeningen tilbyr hjelp med appen dersom det er trong for det.

Nå vert sjukehusa pynta med julestjerner

På ei rekke sjukehus i distriktet blir det nå hengt opp flotte julestjerner – til minne og ære for nokon som har blitt ramma av kreft. Julestjerna er eit symbol på håp. Den heng i fellesområde der pasientar, pårørende, tilsette og besøkande kan sjå dei frå slutten av november og få glede av dei i julemånaden. Det er privatpersonar som kjøper stjernene, og pengane frå salet av stjernene går til kreftforskning, slik at fleire kan komme heim til jul, nyttår og alle andre dagar i året. I 2020 ble det gitt nesten 14 000 stjerner til norske sjukehus og sjukeheimar, og det blei samla inn nesten 30 millionar kroner til forskning. Meir om aksjonen her: <https://kreftforeningen.no/jul/om-stjerneaksjonen/>

Treffpunkt Sunnhordland tar inn fleire born og unge som pårørende og etterlatne

Treffpunkt Sunnhordland [Treffpunkt – møteplass for born og unge i Sunnhordland - Kreftforeningen](#)

Vardesenteret

Vardesenteret er ope både til kurs og dropp inn. Våre frivillige, likepersonar og senterkoordinator tar imot både helsepersonell, pasientar og pårørende. Velkommen inn! [Vardesenteret i Stavanger - Vardesenteret \(kreftforeningen.no\)](#)

Temakafear

Temakafe Haugesund

[Temakafé for kreftpasienter og pårørende i Haugesund - Kreftforeningen](#)

Temakafe Odda

[Temakafé for kreftpasientar og pårørende i Odda - Kreftforeningen](#)

Temakafe Sunnhordaland

[Temakafé for kreftpasientar og pårørende i Sunnhordland - Kreftforeningen](#)

Nytt frå KOR

I KOR har me i haust markert 15-års jubileum! Ein kan lesa meir om prosjektet 15 år - 15 historier [Kreftomsorg Rogaland](#).

Mei har hatt tilnerma normal drift gjennom året når det gjeld samtaler på kontora. Koronarestriksjonane har blitt nøye fulgt, der nedvask, god håndhygiene og avstand har vore i fokus. Gruppetilboda har vore meir utfordrande å få til. Grupper har blitt utsatt og / eller andre lokale er brukt for å følge koronaretningslinjene.

Gruppe for etterlatte

Me har hatt gruppe både i nord-og sørfylket. På grunn av nye restriksjonar fekk me først avslutta gruppene tidleg i haust. Evalueringane frå deltakerne var samla sett veldig positive, og positivt dei fekk då høve til å følge kvarandre over lengre tid.

Møteplass for born

I slutten av august var me i gong, og det store oppmøte på Bøtoppen har vist at desse møteplassane er av stor verdi for mange familiar. Ein torsdag i månaden samlast barn mellom 5-12 år. Dei tilsette på garden legg til rette for kjekke aktivitetar, og to fagpersonar fra KOR har samtaler med barna, som blir fordelt i grupper etter alder. Me avsluttar med eit måltid mat der alle er samla.

Ungdomsgruppa

Tida med Covid-19 har vore ekstra vanskeleg for ungdom som har gått glipp av mange sosiale samlingspunkt. Det var difor veldig fint å kunne samle ungdommane igjen! Etter så lang tid med nedstenging, var det spennande å sjå kor mange som kom. Me opplever at gruppene har endra seg både i nord-og sørfylket ved at nye ungdommer har begynt, og andre har slutta på grunn av skulegang, eller at dei ikkje har behov for å vera med i gruppa lengre.

Yoga

Denne hausten gjekk me inn på eit samarbeid med Zia Yoga Solhuset i nordfylket, og starta yoga tilbod for kreftramma også her. Dette tilbodet har vore etablert i sørfylket i nokre år, medan me i nordfylket har hatt pilates på Puls treningssenter. Det nye tilbodet har blitt veldig godt mottatt av brukarane, og me fortset samarbeidet etter nyttår.

Parkurs

Kurset vart gjennomført helga 6.-7.november og 21 par deltok. Faggruppa i KOR hadde planlagt kurset og stod også for gjennomføringa. Helga bestod av foredrag om ulike emner, alle par fekk snakke saman i grupper og me i KOR var gruppeleiarar. Me nyttar spørsmål frå Fuelbox for par der den eine har ein alvorleg sjukdom.

KOR 15 år

Me har vore spent på korleis me fekk gjennomføra feiring av 15 år dette året med mykje var uvisst kring korona situasjonen. Mykje har blitt utsatt både ein og fleire gonger.

Prosjektet med "15 år - 15 historier" blei gjennomført, og me er rørt og takksame over alle dei fine historiane som vart fortalt.

https://www.facebook.com/kreftomsorg/?ref=pages_you_manage

Jubileumskonferansen "Balansekunst" fekk me endeleg gjennomført 26.november på Clarion Hotel Air med over 200 deltakarar! Dagen vart åpna av Bent Høie, og Kjell Inge Torgersen losa oss gjennom dagen på en fantastisk måte. Hedvig Montgomery og Erik Thorstvedt stod for lærerike og underholdende foredrag, og Grethe Røed fortalte si rørende historie som kreftoverlevar. Ekteparet Davidsen/Hope hadde underholdning med nydeleg musikk. Takk til alle de som var ilag med oss denne dagen.

Med helsing frå Grete Skeie Sørhus og Karoline Berge, driftsgruppeleiarar nettverket

Me ynsker dere alle ei riktig god og fredfull julehøgtid!



Foto: Anna Sofie Myklevold Kallevik